

Utval: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad: Fylkesutvalsalen, 3. et, Fylkeshuset
Dato: 03.02.2016
Tidspunkt: 09:30

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Kjell Gitton Håland	Leiar	A
Harald Norheim	Medlem	SAFO
Kjell Søvik	Nestleiar	FFO
Inge Fiskvik	Medlem	FFO
Nina Murberg	Medlem	FFO

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Solbjørg Helen Krossli Marjala	Medlem	FL R/SV/SP/KRF
Kirsten Syljeset	Medlem	H

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Siri Fransson	Solbjørg Helen Krossli Marjala	FL R/SV/SP/KRF
Ragnhild Fagerbakke	Kirsten Syljeset	H

Merknader

Konstituert plansjef, Eva Taule, informerte om regional planstrategi.

Stanley Hauge, økonomi- og organisasjonsavdelinga informerte om saksgang i Hordaland fylkeskommune.

Ragnhild Aak Skajaa, eigedomsavdelinga, informerte om Askøy tannklinikk.

Ragnhild Fagerbakke møte frå kl 11:00.

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Ingeborg Borgen Takle	Rådgjevar, økonomi- og organisasjonsavdelinga

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 1/16	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 2/16	Godkjenning av sakliste		
PS 3/16	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 4/16	Referatsak (meldingar)		
RS 1/16	Referat RMNF-AU 13.01.2016	2014/558	
RS 2/16	Større saker til politisk behandling 1. halvår 2016 - per januar 2016	2015/10845	
RS 3/16	Regional transportplan Hordaland 2018-2029 - vedtak av planprogram	2015/535	
RS 4/16	Til brukerrepresentanter i kommunale råd for funksjonshemmede og det fylkeskommunale rådet for funksjonshemmede i Hordaland-invitasjon til samling 26. januar 2016 i Bergen	2014/558	
RS 5/16	Fylkesrådet for funksjonshemmede sitt møte 17.11.2015	2015/8173	
PS 5/16	Årsmelding 2015 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
PS 6/16	Ymse		

PS 1/16 Godkjenning av møteinnkalling

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 03.02.2016

Vedtak

Møteinnkallinga vart godkjent utan merknadar.

PS 2/16 Godkjenning av sakliste

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 03.02.2016

Kjell Håland sette fram slikt forslag:

«Saka om Askøy tannklinikk som vart sendt ut til rådet 02.02.2016 vert teken inn i sakslista som PS 5/16.»

Røysting

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Sakslista vart godkjent med slik merknad:

Saka om Askøy tannklinikk som vart sendt ut til rådet 02.02.2016 vert teken inn i sakslista som PS 5/16.

PS 3/16 Godkjenning av møtebok forrige møte

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 03.02.2016

Vedtak

Møteprotokoll frå møtet 01.12.2016 vart godkjent med slik merknad:

Inge Fiskvik møtte kl 09:25. Kjell Søvik var tilstade frå møtestart.

PS 4/16 Referatsak (meldingar)

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 03.02.2016

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek referatsakene til orientering.

RS 1/16 Referat RMNF-AU 13.01.2016

RS 2/16 Større saker til politisk behandling 1. halvår 2016 - per januar 2016

RS 3/16 Regional transportplan Hordaland 2018-2029 - vedtak av planprogram

RS 4/16 Fylkesrådet for funksjonshemmede sitt møte 17.11.2015

**RS 5/16 Til brukerrepresentanter i kommunale råd for funksjonshemmede og RMNF Hordaland-
invitasjon til samling 26. januar 2016 i Bergen**

PS 5/16 Årsmelding 2015 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 03.02.2016

Kjell Søvik sendte inn slikt forslag til årsmelding:

«Rådet for mennesker med nedsatt funksjonsevne» (RMNF) i Hordaland hadde litt ferre saker i 2015 enn i 2014. Det vart handsama 42 RS-saker og 58 PS-saker, og omfattar alt frå skulebygg, kollektivtrafikk (inkl. ferjer), høyringar, folkehelse, oppfølging av skulebruksplan, pedagogisk arkitektur. Kultur har vore nesten fråverande på sakskartet for 2015, og dette er eit av signala som viser at det er enno eit stykke veg å gå før RMNF er ein naturleg del av fylkeskommunal sakshandsaming. I årsmeldinga for 2014 er Voss vidaregåande skule trekt fram som eit dårleg eksempel på sakshandsaming, då rådet ikkje kom inn i prosessen før det nesten var for seint. I 2015 skjedde akkurat det same med Voss Gymnas, tilfeldigheit gjorde at ein oppdaga at forprosjektet skulle opp til politisk handsaming. Rådet måtte kalla inn til ei ekstra samling for å få ei orientering om prosessen, og i dette møtet kom det fram at innspel, som kunne føra til endringar, måtte koma før kontraktskriving, då det elles kunne føra til forseinkingar i prosjektet. Universell utforming ser ut til å vera godt ivare tatt i prosjektet, men prosessen er ikkje god, då RMNF nok ein gong ikkje er ein naturleg del av sakshandsaminga.

«Pedagogisk Arkitektur» er eit dokument som viser at det nyttar med god dialog på eit tidleg tidspunkt. Etter eit møte med utdanningsavdelinga og RMNF vart det frå rådet si side peika på ting i dokumentet som burde endrast. Dette vart lova, og det gjekk ikkje mange dagar før endringane var teken inn i dokumentet.

Når det gjeld samferdsle, er det nokre saker som har opptatt rådet det siste året. Den eine saka er i samband med betre vegstandard, der ein får tunnell, og både syklistar og gåande må nytta tunnellen, for gamlevegen vert nedlagt. Her har rådet gjeve uttale på at ein må ha fysisk skille mellom mjuke og harde trafikkantar inne i tunnellen.

I 2015 er det gjennomført ei kartlegging av ferjekaier i fylket, og rådet fekk ei god orientering om dette arbeidet. RMNF ga etterpå slik uttale:

punkt som ein meiner det er viktig å ha med i kartlegginga:

- Tilrettelegging ferjekai: Dekke på ferjelemmar og der ein går i land: Potane til førarhundar er ofte utsatt ved bruk av dekke med små hull i.

- Informasjon: Korleis er det ivareteke for synshemma? Til dømes med taktil skrift eller med opplesing. På same punkt meiner rådet det kan vere aktuelt å sjå på kor informasjonen er tilgjengeleg, rutehefte i eit monter, lystavle eller inne i eit venterom.

I samband med endringar av standard frå fylkesveg til kommunal veg, har RMNF i brev til fylkestinget, bede om at krav til universell utforming ikkje blir svekka, og dette vart tatt inn i fylkestinget sitt vedtak. Dette er eit resultat av korleis RMNF er samansett, med brukarrepresentantar og politikarar frå dei tre fylkesutvala.

Med bakgrunn i dei sakene der RMNF ikkje har vore ein naturleg del av sakshandsaminga, vart det den 07.09.15 gjort følgande vedtak:

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne foreslår at det neste rådet må jobbe for at alle planar i fylket som vedkjem universell utforming vert teken opp i rådet før politisk handsaming.»

Kjell Håland sette fram slikt forslag:

«Rådet delegerer til arbeidsutvalet å utforme ein endeleg årsmelding på bakgrunn av utkastet som Kjell Søvik la fram i møtet.»

Røysting

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Rådet delegerer til arbeidsutvalet å utforme ein endeleg årsmelding på bakgrunn av utkastet som Kjell Søvik la fram i møtet.

PS 6/16 Ymse

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 03.02.2016

PS 5/16 Askøy tannklinikk

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne sette fram slikt forslag til uttale:
«Administrasjonen informerte om planane rundt nye Askøy tannklinikk. Rådet er nøgd med fokuset på universell utforming og legger til grunn at gjeldande retningsliner for universell utforming vert brukt i arbeidet. Rådet ønskjer å minne administrasjonen på å ha eit fokus på høyrsllehemma i vidare planlegging, til dømes installering av skrankeslynge.»

Røysting

Rådet sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Møteplan

Kjell Håland sette fram slikt forslag:

«Grunna kollisjon med utval for kultur, idrett og regional utvikling vert møtet i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne flytta frå 13.04.2016 til 11.04.2016.»

Røysting

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

PS 5/16 Askøy tannklinikk

Administrasjonen informerte om planane rundt nye Askøy tannklinikk. Rådet er nøgd med fokuset på universell utforming og legger til grunn at gjeldande retningsliner for universell utforming vert brukt i arbeidet. Rådet ønskjer å minne administrasjonen på å ha eit fokus på høyrsllehemma i vidare planlegging, til dømes installering av skrankeslynge.

Møteplan

Grunna kollisjon med utval for kultur, idrett og regional utvikling vert møtet i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne flytta frå 13.04.2016 til 11.04.2016.